

Møtereftrat

Referat frå møte mellom Haugaland og Sunnhordland tingrett, Familievernkontoret for Haugalandet, advokatforeininga og sakkunnige psykologar.

Tid: Tysdag 19. desember 2023 Kl. 08.30 – 10.15.

Stad: Haugaland og Sunnhordland tingrett, rettsstad Haugesund.

Deltakarar:

Frå tingretten: Helga Hågenvik, Leif Egil Holstad, Sigrid Anderssen Cabot (referent)

Frå Familievernkontoret: Asle Helgeland og Jan Morten Anvedsen

Frå Advokatforeininga: Ole Christian Paasche og Julianne Sellgren

Barnefagleg sakkunnig: Solveig Furre

Helga Hågenvik innleia møtet, ønskte velkommen og informerte nye deltakarar om at dette var eit møte mellom familievernkontoret og tingretten, der også sakkunnig og advokatar deltok. Det var ingen fast agenda til møtet. Det vart semje om at ein skulle ta ein runde rundt bordet, der kvar gruppering gav relevant informasjon og tok opp aktuelle problemstillingar.

Tingretten

Helga Hågenvik informerte om den nyoppstarta barnefaglege gruppa i tingretten som består av Hågenvik, Holstad og Cabot. Mandatet til gruppa er i hovudtrekk å styrkja den barnefaglege kompetansen i tingretten og å delta i nasjonal barnefagleg gruppe i domstolane.

Den barnefaglege gruppa vil arrangera eit tverrfagleg aktørseminar hausten 2024 og inviterte dei andre møtedeltakarane til å koma med innspel til tema og moglege føredragshaldarar på eit slikt seminar. Aktuelle tema som vart drøfta var:

- Samvær med barn mellom 0-3 år
- Foreldrefiendskap

Følgjande personar vart nemnt som moglege føredragshaldarar: Judith van der Weele, Vibeke Herberg Kjær. Møtedeltakarane vart invitert til å koma med ytterlegare innspel til namn og problemstillingar etter møtet. Det var semje om at det kunne vera nyttig å ha fagpersonar med som hadde ulike perspektiv på dei tema ein vil ta opp og leggja opp til ein paneldebatt avslutningsvis.

Hågenvik informerte om at det var kome inn eit spørsmål frå advokat Lauvås om habilitetsvurderingar knytt til psykologspesialist som stundom vert nytta som fagkunnig meddommar på rettsstad Haugesund og som er gift med tingrettsdommar på rettsstad Leirvik og i kva grad partane burde bli varsla om denne tilknytninga når ho vert oppnemnt. Hågenvik varsla at tingretten ville vurdere kva rutinar det var naturleg å etablera.

Familievernkontoret

Familievernkontoret informerte om at dei hadde fått tilvising i fire foreldretvistsaker. Ei avslutta sak og tre pågåande saker.

Dei opplyste om at dei hadde utfordringar med postmottaket sitt, då dei formelt var tilknytt Bufetats sentraliserte postadresse, men ikkje knytt til Bufetats arkivsystem. Dei oppmoda difor om at brev til familievernkontoret vart overlevert fysisk.

Familievernkontoret informerte om at dei stundom opplevde at samtalanane på familievernkontoret vart tekne opp på lydband og lurte på om desse lydbanda vart nytta som prov i retten.

Tilbakemeldinga frå tingretten var at det ikkje var blitt gjort så langt dommarane kjende til.

Advokatane formidla at dei heller ikkje hadde hatt dette som ei problemstilling og skulle den dukka opp, ville dei ikkje støtta ein klients ønskje om å bruka slike lydband som prov.

Solveig Furre

Furre formidla eit ønskje frå dei sakkunnige om at overføringssamtalar mellom Familievernkontoret, den sakkunnige og foreldra etter ei tilvising frå retten hadde ein klårare struktur. Strukturen kunne vera slik: 1) Familievernkontoret orienterer om tilvisinga, 2) Den sakkunnige gir relevant informasjon og 3) Foreldra får ordet.

Familievernkontoret var samd i at dette var ein god struktur.

Mangelen på sakkunnige i regionen vart drøfta.

Advokatforeininga

Advokatane ønskja at det vart meir føreseieleg for partane korleis eit saksførebuande møte skulle gjennomførast. Til dømes vert det stundom lagt opp til at partane skal gi partsforklaring – andre gonger ikkje. Det varierer også i kva grad planmøte vert nytta i desse sakene mellom rettsstadane. Det var semje om at planmøte kan vera ein god arena for å avklara korleis det saksførebuande møte vert gjennomført og at tingretten vil så nærare på dei interne retningslinene for sakshandsaminga.

Tingretten informerte om at det no er fast praksis på begge rettsstadane at den sakkunnige snakkar med foreldra og borna, der det er aktuelt før første saksførebuande møte.

Advokatane formidla også at dei opplevde det som positivt om dei sakkunnige var tydelege i sine råd når dei utøvde si rolle etter barnelova § 61 nr. 1.

Neste møte

Det vart avtalt at neste møte skulle vera i tingrettens lokale i Haugesund og haldast til dømes i mai.